



Konsekvensar av endra avskrivningstid for vass- og avløpsanlegg

Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Time formannskap	041/26	02.09.2026
Time kommunestyre	051/26	08.09.2026

Kommunedirektøren si innstilling

Time kommunestyre tar saka til orientering.

Konsekvensar av endra avskrivningstid for vass- og avløpsanlegg

Saka gjeld

Kommunestyret har i behandlinga av handlings- og økonomiplan 2026-2029 bede kommunedirektøren greie ut kva effekt ei auka avskrivningstid frå 40 til 80 år på eksisterande VA-anlegg vil kunne få.

Kommunedirektøren vil peike på at gjeldande regelverk frå og med budsjett- og rekneskapsåret 2026 opnar for at leidningsnett kan avskrivast med inntil 80 år, medan andre VA-anlegg som til dømes reinseanlegg, pumpestasjonar og høgdebasseng har maksimal avskrivningstid på 40 år. For investeringar i leidningsnett som er gjorde i 2025 og tidlegare, skal kommunen vurdere avskrivningstida på nytt og fastsetje denne i tråd med forventa attståande utnyttbar levetid.

Det er òg gjort ei forskriftsendring knytt til kalkylerenta i sjølvkostrekneskapen. Tidlegare vart kalkylerenta fastsett som 5-årig swaprente pluss 0,5 prosentpoeng. Frå og med 2026 skal den bereknast som 3-månaders NIBOR med eit tillegg på 0,7 prosentpoeng. Endringa inneber at kalkylerenta i større grad enn tidlegare ligg nærare den faktiske rentekostnaden i kommunesektoren.

Saksopplysningar

Drikkevassforsyninga i Time kommune ble startet utbygd i 1946 med vassforsyning til Bryne. Etter kvart som fleire vart kopla til det kommunale vassnettet, starta ein også utbygging av avløpsnettet på 1950-tallet. Om lag halvparten av leidningsnettet er bygd før år 2000, delar av dette er av varierende kvalitet.

I dag har Time kommune om lag 500 kilometer med vass- og avløpsleidningar og omfanget aukar i takt med ny utbygging. Alderen på leidningsanlegga er slik at behovet for sanering av eldre og dårlege leidningar er større enn tidlegare. Det er tilfelle av leidningar som kollapsar på grunn av dårleg kvalitet, både innan vassforsyning, avløp og overvasshandtering.

Døme:

- Eldre støypejernsleidningar for vatn manglar innvendig korrosjonsbeskyttande belegg og er utsette for korrosjon. Dette fører til lekkasjar og brot på leidningane.
- Oppbygging av belegg på innsida av vassleidningane kan gi grobotn for skadelege bakteriar. Samstundes fører dette til redusert overføringskapasitet i leidningane.

- Eldre PVC-leidningar og asbestsementleidningar vert sprø og har høg lekkasjefrekvens. Det er samstundes ikkje dokumentert at asbestleidningar utgjer ein direkte helserisiko.
- Gamle vasskummar er ikkje dimensjonerte for belastningane dei vert utsette for, og dei manglar ofte drenering. Dette kan føre til farlege situasjonar ved drift og dårlege hygieniske forhold i leidningsnettet for drikkevatt.
- Eldre spillvassleidningar vert over tid tærte innvendig av gassar. Dette kan føre til at leidningane kollapsar og skapar oversvømmingar i avløpssystemet.
- Fellesleidningar for spillvatn og overvatn fører til at reint overvatn vert leia til reinseanlegg saman med spillvatn. Dårlege spillvassleidningar kan gi tilstopping og overløp, noko som kan føre til utslepp av spillvatn til vassdrag. I tillegg kan slike leidningar gi direkte utslepp av forureina spillvatn til resipientar. Dårlege spillvasskummar kan òg føre til overløp til overvasssystemet, samt direkte utslepp til grunnen.

Konsekvensar av justert levetid på anlegga

Kommunedirektøren understrekar at omlegginga krev ei fagleg vurdering av anleggsregisteret og av kva delar av leidningsnettet som reelt har attståande levetid som forsvarar lengre avskrivningstid. Kommunalteknikk har i sin gjennomgang vurdert levetida på dei ulike anlegg i tråd med føringane i den nye forskrifta. Ved usikkerheit om teknisk tilstand, framtidige krav, klima eller mangelfull dokumentasjon peikar departementet på at dette talar for ei meir konservativ vurdering enn å nytta maksimal levetid i ny forskrift.

Grovt sett kan ein leggja til grunn at leidningsnettet i Time frå før år 2000 har ei levetid på mellom 50 og 70 år, medan leidningar lagde etter år 2000 har ei forventet levetid på rundt 100 år. I kommunerekneskapen er det ikkje mogleg å identifisera anlegg frå før år 2000, då heile verdien av leidningsnettet vart balanseført i samlesummar og ikkje per anlegg eller prosjekt. I gjennomgangen av ny levetid for anlegga har ein derfor vald å ikkje auke denne på desse eldre anlegga. Dei øvrige anlegga vil verta justert etter ny vurdering.

Frå og med rekneskapsåret 2026 vil anlegga bli avskrivne etter knekkpunktmetoden. Det inneber at den resterande bokførte verdien blir fordelt over ny gjenståande levetid. Nokre anlegg er vurderte til å ha kortare attståande levetid enn tidlegare registrert, medan fleire anlegg etter ny vurdering er lagt til maksimal levetid på 80 år.

I kommunerekneskapen er det skilt mellom VA-anlegg som inngår i sjølvkostrekneskapen og anlegg som ligg utanfor sjølvkostområdet fordi dei er finansierte av andre enn kommunen, til dømes gjennom anleggsbidrag. Bokført verdi for VA-anlegga var per 31. desember 2025 om lag 474 millionar kroner. Av dette utgjorde sjølvkostanlegga den største delen med om lag 418 millionar kroner.

i heile 1000 kroner	VA-leidningsnett (sjølvkost)				
	Bokført verdi 01.01.26	Bokført verdi 31.12.26	Avskrivning	Kalkylerente	Sum kapitalkostnader
Før forskriftsendring maksimal levetid 40 år	418 200	405 300	12 900	21 000	33 900
Etter justering av levetid - knekkpunktmetoden	418 200	407 000	11 100	21 100	32 200
Endring frå 2026					-1 700

I rekneeksempelen over har vi tatt utgangspunkt i eksisterende anlegg med tidligere maksimal levetid på 40 år og den nye levetidsvurderingen som Kommunalteknikk har gjennomført. Det er lagt til grunn ei NIBOR-rente på 4,4 % med påslag av 0,7 prosentpoeng. Utan forskriftsendringa ville dei samla kapitalkostnadene for vatn og avløp vore om lag 1,7 millionar høgare enn det nye anslaget. Sjølvkostgrunnlaget er dermed redusert tilsvarende. I 2025 var samla sjølvkostgrunnlag for vann og avløp om lag 82,6 millionar kroner. Reduksjonen i grunnlaget utgjør 2 prosent.

I kommunerekneskapen må kommunen òg vurdere om ei utgift skal klassifiserast som driftsutgift eller investeringsutgift. Større oppgraderingar av anlegg som allereie er ferdig avskrivne, vil normalt bli klassifiserte som investeringar. Utgiften kan då fordelast over fleire år gjennom avskrivningar og renter.

Dersom eit anlegg har ei fastsett maksimal levetid på 80 år, vil arbeid på leidningsnettet som hovudregel bli rekna som vedlikehald i dei 80 åra og først i driftsrekneskapen i det året arbeidet blir utført. Dersom arbeidet derimot representerer ei påkostning som aukar kapasiteten, standarden eller levetida til anlegget kan utgifta først i investeringsrekneskapen. Kostnaden vert då fordelt over fleire år gjennom avskrivningar og berekna renter. Samstundes må eventuell restverdi på det gamle anlegget kostnadsførast dersom anlegget vert skifta ut før det er ferdig avskrive. Ei slik nedskriving vil auke sjølvkostgrunnlaget i det aktuelle året.

Ei feilvurdering av levetida på anlegga kan derfor få vesentlege økonomiske konsekvensar. Dersom levetida vert sett for høgt, kan nødvendige utskiftingar kome før anlegget er ferdig avskrive, noko som kan utløyse store eingongskostnader knytte til nedskriving av attståande restverdi. Dette vil på kort sikt kunne gi eit auka sjølvkostgrunnlag, noko som kan medføre behov for høgare gebyr for abonnentane.

Konklusjon

Ei forlenging av avskrivningstida på eksisterende leidningsnett vil i hovudsak få desse verknadene:

- **Ingen automatisk overgang til 80 år**, då kommunen etter forskrifta måtte vurdere utnyttbar levetid konkret for alle VA-anlegga.
- **Kostnadene blir fordelte over lengre tid**, slik at større delar av investeringane blir belasta framtidige abonnentar. Dette kan gi jamnare

gebyrutvikling, men inneber òg at anlegg blir nedbetalte over eit langt tidsrom. Dei samla rentekostnadene over anlegga si levetid aukar.

- **Lågare årlege avskrivingskostnader** i sjølvkostrekneskapen for vatn og avløp, sidan bokført verdi vert fordelt over fleire år. Ved ei endring vil avskrivningane bli rekna på grunnlag av bokført verdi per 31.12.2025 og fordelte over ny attståande levetid.
- **Lågare gebyrpress på kort sikt**, sidan kapitalkostnadene som inngår i sjølvkostgrunnlaget blir lågare per år når avskrivingstida vert forlenga. Eit viktig formål med regelendringa har vore å dempa veksten i vass- og avløpsgebyra.

Kostnadene til sanering er venta å auke i åra som kjem, etter kvart som fleire VA-anlegg når slutten av den forventa levetida si. Saman med vedlikehaldsetterslepet som dei fleste kommunar har på området, vil ei lengre avskrivingstid for eksisterande anlegg føre til at ein større del av kostnadane blir overførte til framtidige generasjonar. Desse generasjonane vil samstundes òg ha nytte av anlegga. Prioriteringar av framtidige prosjekt blir gjorde som ein del av arbeidet med handlings- og økonomiplanen.

Kommunedirektøren i Time, den 18.08.2026

Trygve Apeland

Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur